



Arkivnr: 2014/12288-6

Saksbehandlar: Randi Gjerde

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		18.02.15

### Personvernombod i Hordaland fylkeskommune

#### Samandrag

Eit personvernombod er ein ressursperson som skal styrke kompetansen om personvern i verksemda. Personvernombodsordninga er i dag eit frivillig tilbod som Datatilsynet administrerer. Omboda får ein eigen kontaktperson i Datatilsynet, tilrettelagte fagressursar, rådgjevings- og rettleiingsteneste og nyhetsbrev. Tilsynet tilbyr dessutan opplæring i personopplysningsloven, informasjonstryggleik, internkontroll og generelt personvernombodsarbeid.

Ved å prioritere ein slik ressurs vil Hordaland fylkeskommune sikre at vi har kompetanse på personvern tilpassa eigen verksem. Dette sikrar personvernet ytterlegare, og skaper tillit til vår handsaming av personopplysningar. Eit godt personvern vil bidra til å styrke omdømmet blant publikum, pasientar, elevar og eigne tilsette.

Rolla som personvernombod vert foreslått lagt til Organisasjonsavdelinga, som del av stillinga til ein seniorrådgjevar/jurist, og vert dekka innanfor eksisterande budsjett.

#### Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune søker Datatilsynet om å innføre ordning med Personvernombod. Det er lagt til grunn at ordninga vert dekt innanfor eksisterande økonomiske rammer.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 02.02.2015

Personvernombodet rettleier slik at personopplysninga vert handsama på ein god måte og i tråd med regelverket. Mellom anna skal personvernombodet *bidra til* at Hordaland fylkeskommune:

- Held oversikt over personopplysningane som vert handsama, og informerer om dette på rette måtar
- Kontrollerer og vernar om tilgangen til opplysingane
- Sikrar innsyn til dei personane som har slik rett
- Ber om samtykke frå dei personane som opplysingane gjeld før handsaminga startar
- Vurderer risiko for tryggleiksbro og konsekvensar
- Slettar personopplysninga som ikkje lenger er naudsynte

Personvernombodet er involvert i arbeid med personvernspørsmål, til dømes internkontroll og informasjonstryggleik. Ombodet har ansvar for førespurnader om innsyn i eller retting/sletting av personopplysninga, og saker som omhandlar personopplysninga på avvege.

Personvernombodet har først og fremst følgjande oppgåver:

- Rapportering til Datatilsynet ved hendingar der personopplysninga kjem på avvege
- Registrere nye og/eller endra system, oppdatere oversikt over system med personopplysninga
- Vere til hjelp når tilsette/kundar/elevlar/andre ber om innsyn i lagra personopplysninga
- Vere Datatilsynets kontaktperson i HFK, og koordinere eventuelle tilsyn

### Arbeidsomfang

Datatilsynet legg i si beskriving av personvernombodsrolla vekt på at dette ikkje er ei heiltidsstilling. Oppgåvene kan kombinerast med andre arbeidsoppgåver, så lenge det ikkje er interessekonfliktar. Det framkjem likevel at personvernombodet må ha ei stilling som gjev sjølvstende og autoritet overfor leiing, tilsette og publikum.

Ordninga med personvernombod vert foreslått lagt til stilling som seniørrådgjevar/jurist i Organisasjonsavdelinga. Innføring av ordninga vil ikkje føre til auka bemanning eller påføre fylkeskommunen kostnadar ut over eventuelle reisekostnadar knytt til opplæring i rolla. Kursa som Datatilsynet tilbyr er kostnadsfrie.

### Ny personvernforordning

EU-parlamentet vedtok i mars 2014 ei innstilling om ny personvernforordning for alle land i EU og EØS. Sjølv om den endelege teksten ikkje er ferdigstilt, står det klart at det kjem strengare krav til personvernombod i verksemder når den nye forordninga og tilhøyrande direktiv trer i kraft.

Datatilsynet har i sin omtale av den nye forordninga skissert at det vil vere krav om personvernombod (*data protection officer*) i alle offentlege verksemder, i verksemder som handsamar data om meir enn 5000 enkelpersonar i løpet av ein 12 månaders periode, og i alle verksemder som har system med store mengder data om barn og/eller tilsette. Det er klart at Hordaland fylkeskommune vil falle inn under desse kategoriene.

### Vilkår for personvernombodsordninga

Når ei verksemde etablerer personvernombod vert det gjort unntak frå *meldeplikta*. Det vert difor stilt fleire krav både til den som er ombod og til verksemda. Datatilsynet kan trekke tilbake fritaket frå meldeplikten dersom verksemda ikkje overheld vilkåra i personvernombodsordninga.

Personvernombodets og verksemda pliktar:

1. Den som verksemda har utnemnt til personvernombod skal vere egna til, på ein uavhengig måte, å vurdere om *behandlingsansvarleg* overheld reglane i personopplysningsloven.
  - a. Personvernombodet skal
    - a. sjå til at handsaming av personopplysninga blir meldt til ombodet, og at meldingane inneheld

- korrekte og tilstrekkelige opplysningar,
- b.** føre ein systematisk og offentleg tilgjengeleg oversikt over behandlingane,
  - c.** sjå til at behandlingsansvarlig har eit system for *internkontroll* som tilfredsstiller personopplysningslovens § 14, jf. personopplysningsforskriftens kapittel 3,
  - d.** hjelpe dei registrerte med å ivareta deira rettigheter etter reglane om *handsaming av personopplysningar*,
  - e.** påpeike brot på personopplysningsloven overfor behandlingsansvarlig,
  - f.** gje Datatilsynet opplysningar dersom tilsynet ber om det, her under foreta undersøkingar i konkrete saker,
  - g.** holde seg orientert om utviklinga innan personvern, og
  - h.** gje råd og rettleiing til behandlingsansvarleg om handsaming av personopplysningar og reglane for dette.
2. Etablering av personvernombod *fritek ikkje verksemda fra ansvar* for at reglane i personopplysningsloven vert overheldt.
  3. Verksemda skal informere Datatilsynet dersom avtalen om personvernombod vert avslutta, eller verksemda byter personvernombod.